



**Referanser:**

**Arkivsak:** 22/03934-13

## Reglar for gjennomføring av deling av Ålesund kyrkjelege fellesrådsområde

### Samandrag

Stortinget har vedtatt at Ålesund kommune skal bli delt frå 1. januar 2024. I samband med delinga treng ein særlege reglar om gjennomføring av delinga av Ålesund kyrkjelege fellesrådsområde.

Eit forslag til reglar har vore på høyring til kyrkjelege instansar som saka gjeld.

### Framlegg til vedtak

**Kyrkerådet vedtek følgjande *Reglar for gjennomføring av deling av Ålesund kommune*:**

#### § 1. Verkeområde

Reglane er gitt i samband med vedtak i Stortinget 14. juni 2022 om deling av Ålesund kommune med verknad frå 1. januar 2024. Reglane regulerer gjennomføring av delinga av Ålesund kyrkjelege fellesrådsområde.

I desse reglane blir «kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune» brukt om det fellesrådet som vart etablert frå 1. januar 2020, og som blir nedlagt 31. desember 2023. «Kyrkjeleg fellesråd i Haram kommune» og «kyrkjeleg fellesråd i nye Ålesund kommune» blir brukte om dei to nye råda som blir konstituerte innan utgangen av november 2023.

#### § 2. Val og konstituering av nytt kyrkjeleg fellesråd

Sokna i dei respektive fellesrådsområda vel sine representantar til fellesrådet i samsvar med forskrift 14. november 2021 om valg av kirkelig fellesråd. Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune utfører dei oppgåvene som er lagt til kyrkjeleg fellesråd i forskrifta.

Leiaren av kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune innkallar til konstituerande møte i kvart av dei to nye fellesråda innan utgangen av november 2023.

### **§ 3. Funksjonsperiode og fullmakter**

Funksjonsperioden til kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune blir forlenga, og den varer til 31. desember 2023. Frå 1. desember 2023 er ansvar og fullmakter for rådet avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda.

### **§ 4. Etablering av kyrkjeleg fellesrådsutval**

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune skal etablere kyrkjelege fellesrådsutval som representerer sokna i kvar av dei to nye kommunane. Kyrkjeleg fellesrådsutval for Haram kommune skal ha ein representant for kvart av dei fem sokna i kommunen. Kyrkjeleg fellesrådsutval for nye Ålesund kommune skal ha av ein representant for kvart av dei sju sokna i kommunen. I tillegg skal biskopen peike ut ein geistleg representant til utvala, og kommunen kan peike ut ein kommunal representant til kvart av utvala.

### **§ 5 Fullmakter for fellesrådsutvalet**

Fellesrådsutvalet skal greie ut og vareta ulike nivå av samarbeid på vegner av sokna i Haram kommune og nye Ålesund kommune, medrekna å vurdere eit felles kyrkjeleg fellesråd for dei to nye kommunane. Fellesrådsutvalet i kvar kommune avgjer omfanget av samarbeid og felles funksjonar. Etter 1. desember 2023 ligg denne kompetansen til dei nye fellesråda.

### **§ 6. Tilsetjing av dagleg leiar**

Fellesrådsutvalet for Haram kommune får mandat til å tilsetje dagleg leiar for kyrkjeleg fellesråd i Haram og fellesrådsutvalet for nye Ålesund kommune får mandat til å tilsetje dagleg leiar for kyrkjeleg fellesråd i nye Ålesund kommune.

### **§ 7. Gravferdsvedtekter**

Gravferdsvedtektene skal gjelde for Haram og nye Ålesund kommunar til nye vedtekter er fastsett av kyrkjeleg fellesråd i Haram kommune og kyrkjeleg fellesråd i nye Ålesund kommune.

### **§ 8. Mål og planar for fellesrådet**

Mål og planer for den kyrkjelege verksemda som er fastsett etter kirkeordning for Den norske kirke § 17 skal gjelde fram til kyrkjeleg fellesråd i Haram kommune og kyrkjeleg fellesråd i nye Haram kommune vedtar nye planar for verksemda.

### **§ 9. Økonomiplan og årsbudsjett**

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune skal gjere det førebuande arbeidet for kyrkjeleg fellesråd i Haram kommune og kyrkjeleg fellesråd i nye Ålesund kommune med økonomiplanar for 2024–2027 og årsbudsjett for 2024.

Kyrkjeleg fellesråd i Haram kommune og kyrkjeleg fellesråd i nye Ålesund kommune skal sjølv vedta budsjettforslag til kommunen på grunnlag av innstilling frå dei kyrkjelege fellesrådsutvala

Kyrkjeleg fellesråd i Haram kommune og kyrkjeleg fellesråd i nye Ålesund kommune skal sjølv vedta økonomiplan og årsbudsjett for 2024 i samsvar med forskrift om økonomiforvaltningen i Den norske kirke.

### **§ 10. Førebels fordeling av eigedelar, gjeld og eigenkapital**

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune fastset sjølv ei førebels fordeling av bokførte egedelar, gjeld og eigenkapital frå kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund til kyrkjeleg fellesråd i Haram og kyrkjeleg fellesråd i Ålesund nye kommune, som skal vere utgangspunkt for arbeidet med årsbudsjettet for 2024.

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune fastset sjølv kven av dei nye fellesråda som skal dekke betalingsplikter for kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune som ikkje er betalt innan 31. desember 2023.

### **§ 11. Årsrekneskap og årsmelding for noverande kyrkjeleg fellesråd**

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune fastset sjølv kven av dei nye fellesråda som skal utarbeide og leggje fram årsrekneskap og gi årsmelding til kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune for 2023 etter forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kirke § 12.

Dei kyrkjelege fellesråda i nye Ålesund kommune og Haram kommune skal sjølv vedta årsrekneskapane og årsmeldingane for 2023.

### **§ 12. Dokumentforvaltning og arkivansvar**

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune skal fastsetje korleis historiske og aktive arkiv skal handterast ved delinga. Arkivfaglege omsyn skal sikrast. Fellesrådet skal dokumentere prosessen.

### **§ 13. Iverksetjing**

Reglane trer i kraft straks.

## **Saksorientering**

### **Bakgrunn**

Noverande Ålesund kommune blir delt i Haram kommune og nye Ålesund kommune, med verknad frå 1. januar 2024. Dette får følgjer for den noverande kyrkjelege inndelingane. I kirkeordning for Den norske kirke § 8 fyrste ledd heiter det: «I kommuner med flere sokn skal det (...) være et kirkelig fellesråd». Begge dei nye kommunane skal dermed ha sitt eige kyrkjelege fellesråd.

Noverande Ålesund kommune har i dag 12 sokn. Etter kommunedelinga vil følgjande sju sokn liggje i nye Ålesund kommune: Borgund sokn, Ellingsøy sokn, Sandøy sokn, Skodje sokn, Spjelkavik sokn, Ørskog sokn og Ålesund og Volsdalen sokn. Følgjande fem sokn vil liggje i Haram kommune: Brattvåg sokn, Fjørtoft sokn, Hamnsund sokn, Haram sokn og Vatne sokn. Av desse har to sokn (Haram og Fjørtoft) i dag felles sokneråd.

Kommunal- og distriktsdepartementet har i forskrift 3. oktober 2022 gitt regelverk for gjennomføringa av deling av Ålesund kommune. Kyrkjerådet har følgd denne så langt det passar og har laga eit framlegg om tilsvarande regelverk for deling av fellesrådsområdet. Etersom kyrkjeleg fellesråd er eit organ som spring ut av sokneråda og består av soknerådsmedlemmar, er det større moglegheit enn i kommunen til å opprette representative organ for dei nye fellesrådsområda. Kyrkjerådet har difor vald å gje desse organa ein eksplisitt rolle i organiseringa.

Kirkeordning for Den norske kirke § 8 sjettede ledd seier at føresegnene i inndelingslova kapittel V og VI gjeld tilsvarande for kyrkjeleg fellesråd så langt det passar. (I dette tilfellet er det berre føresegnene i kapittel V som er relevante.)

Kyrkjemøtet vedtok i september 2022 prinsipp for ny organisering av Den norske kyrkja. (KM sak 10/22) I vedtaket heiter det mellom anna: «Det bør stimuleres til etablering av samarbeid mellom fellesråd som ønsker det, i tett kontakt med de berørte kommuner». I forlenginga av dette vedtaket meiner Kyrkjerådet det er sterkt ønskeleg at dei ulike organa for sokna i Ålesund drøfter ulike former for samarbeid, medrekna ei drøfting av om det kan vere tenleg å halde fram med eitt fellesråd for begge dei to nye kommunane. Framlegget til reglar legg difor vekt på leggje til rette for slike drøftingar.

## **Høyring**

Kyrkjerådet sende 14. november på høyring dette framlegget til reglar til dei saka gjaldt<sup>1</sup>:

### **§ 1. Verkeområde**

Reglane er gitt i samband med vedtak i Stortinget 14. juni 2022 om deling av Ålesund kommune med verknad frå 1. januar 2024. Reglane regulerer gjennomføring av delinga av Ålesund kyrkjelege fellesrådsområde.

I desse reglane blir «kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune» brukt om det fellesrådet som vart etablert frå 1. januar 2020, og som blir nedlagt 31. desember 2023. «Kyrkjeleg fellesråd i Haram kommune» og «kyrkjeleg fellesråd i nye Ålesund kommune» blir brukte om dei to nye råda som blir konstituerte innan utgangen av november 2023.

### **§ 2. Val og konstituering av nytt kyrkjeleg fellesråd**

Sokna i dei respektive fellesrådsområda vel sine representantar til fellesrådet i samsvar med forskrift 14. november 2021 om valg av kirkelig fellesråd. Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune utfører dei oppgåvene som er lagt til kyrkjeleg fellesråd i forskrifta.

Leiaren av kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune innkallar til konstituerande møte i kvart av dei to nye fellesråda innan utgangen av november 2023.

### **§ 3. Funksjonsperiode og fullmakter**

Funksjonsperioden til kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune blir forlenga, og den varer til 31. desember 2023. Frå 1. desember 2023 er ansvar og fullmakter for rådet avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda.

### **§ 4. Etablering av fellesrådsutval**

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune skal etablere fellesrådsutval som representerer sokna i kvar av dei to nye kommunane. Fellesrådsutvalet for Haram kommune skal bestå av ein representant for kvart av dei fem sokna i kommunen og fellesrådsutvalet for nye Ålesund kommune skal bestå av ein representant for kvart av dei sju sokna i kommunen. I tillegg skal utvala ha ein geistleg representant oppnemnd av biskopen og kommunen kan oppnemne ein kommunal representant til kvar av utvala.

### **§ 5 Fullmakter for fellesrådsutvalet**

---

<sup>1</sup> Kyrkjeleg fellesråd, sokneråda, Ålesund kommune og fagaorganisasjonane.

Fellesrådsutvalet skal greie ut og vareta ulike nivå av samarbeid på vegner av sokna i Haram kommune og nye Ålesund kommune, medrekna å vurdere eit felles kyrkjelege fellesråd for dei to nye kommunane. Fellesrådsutvalet i kvar kommune avgjer omfanget av samarbeid og felles funksjonar. Etter 1. desember 2023 ligg denne kompetansen til dei nye fellesråda.

#### **§ 6. Tilsetjing av dagleg leiar**

Fellesrådsutvalet for Haram kommune får mandat til å tilsetje dagleg leiar for kyrkjeleg fellesråd i Haram og fellesrådsutvalet for nye Ålesund kommune får mandat til å tilsetje dagleg leiar for kyrkjeleg fellesråd i nye Ålesund kommune.

#### **§ 7. Gravferdsvedtekter**

Gravferdsvedtektene skal gjelde for Haram og nye Ålesund kommunar til nye vedtekter er fastsett av kyrkjelege fellesråd for Haram kommune og kyrkjelege fellesråd for nye Ålesund kommune.

#### **§ 8. Mål og planar for fellesrådet**

Mål og planer for den kyrkjelege verksemda som er fastsett etter kirkeordning for Den norske kirke § 17 skal gjelde fram til Haram kyrkjelege fellesråd og nye Ålesund kyrkjelege fellesråd vedtar nye planar for verksemda.

#### **§ 9. Økonomiplan og årsbudsjett**

Kyrkjelege fellesråd i noverande Ålesund kommune skal gjere det førebunde arbeidet for Haram kyrkjelege fellesråd og nye Ålesund kyrkjelege fellesråd med økonomiplanar for 2024-2027, budsjettforslag til kommunen og årsbudsjett for 2024.

Kyrkjeleg fellesråd i Haram kommune og nye Ålesund kommune skal sjølve vedta økonomiplan, budsjettforslag til kommunen og årsbudsjett for 2024 i samsvar med forskrift om økonomiforvaltningen i Den norske kirke.

#### **§ 10. Førebels fordeling av egedelar, gjeld og eigenkapital**

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune fastset sjølv ei førebels fordeling av bokførte egedelar, gjeld og eigenkapital frå noverande Ålesund kyrkjelege fellesråd til Haram kyrkjelege fellesråd og nye Ålesund kyrkjelege fellesråd, som skal vere utgangspunkt for arbeidet med årsbudsjettet for 2024.

Kyrkjelege fellesråd i noverande Ålesund kommune fastset sjølv kven av dei nye fellesråda som skal ta hand om betalingsplikter for kyrkjelege fellesråd i noverande Ålesund som ikkje er betalt innan 31. desember 2023 blir dekkja.

#### **§ 11. Årsrekneskap og årsmelding for noverande kyrkjeleg fellesråd**

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune fastset sjølv kven av dei nye fellesråda som skal utarbeide og leggje fram årsrekneskapane og gi årsmeldingane til kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune for 2023 etter forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kirke § 12.

Dei kyrkjelege fellesråda i nye Ålesund kommune og Haram kommune skal sjølv vedta årsrekneskapane og årsmeldingane for 2023.

#### **§ 12. Dokumentforvaltning og arkivansvar**

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune skal fastsetje korleis historiske og aktive arkiv skal handterast ved delinga. Arkivfaglege omsyn skal sikrast. Fellesrådet skal dokumentere prosessen.

### § 13. Iverksetjing

Reglane blir sette i kraft straks.

Innan høyringsfristen 3. januar hadde det kome inn svar frå Ålesund kyrkjelege fellesråd, Brattvåg sokneråd, Vatne sokneråd og Presteforeininga.

Svara frå fellesrådet og sokneråda var for det aller meste likelydande. Her er sitert uttalen frå *Ålesund kyrkjelege fellesråd*:

Til paragraf 4. Etablering av fellesrådsutval. Namn på utvala. Det er viktig at ordet kyrkjeleg blir brukt på dei to utvala som vert oppnemnde. Då vert det lettare for folk flest å oppfatte at dette har noko med kyrkja å gjere. Dei to utvala bør difor kallast Haram kyrkjelege fellesutval og Ålesund kyrkjelege fellesutval. Samansetning av utvala. I Ålesund kyrkjelege fellesråd er det i dag fire representantar frå dei fire sokneråda i Haram kommune. Haram og Fjørtoft sokn har felles sokneråd. Ein finn det naturleg at kvart sokneråd får ein representant kvar i Haram kyrkjelege fellesutval. Det bør vidare opnast for at sokneråda i Haram kan møte med to representantar kvar i Haram kyrkjelege fellesutval. Til paragraf 5. Fullmakter til fellesrådsutvalet. Denne paragrafen burde uttrykke tydelegare at framtidig samarbeid må skapast i dialog mellom dei kyrkjelege fellesutvala. Til paragraf 9. Økonomi og årsbudsjett. Orda «budsjettforslag til kommunen» i andre avsnitt av paragrafen bør strykast. Budsjettforslag til kommunen må utarbeidast/vedtakast lenge før ev. nye fellesråd trer i kraft 1. des 2023.

*Presteforeininga* peika i sitt høyringssvar på at det burde koma klårare fram kva for fristar det er for å etablere fellesrådsutval og kven som skulle sitja i desse utvala:

Det fremgår ikke klart om det er dagens fellesrådsmedlemmer som skal velges til fellesrådsutvalgene, eller om soknerådene står fritt til å velge nye.

### Kyrkjerådet sine merknader

Kyrkjerådet har merka seg at fleirtalet av kommentarane er knytt til oppretting av fellesrådsutvala. Dei to sokneråda i det som har vore og venteleg vil bli Haram kommune, samt kyrkjeleg fellesrådsområde, ynskjer å endre samansettinga av utvala, slik at dei fire sokneråda sender to representantar, mens framlegget er at kvart av dei fem sokna sender ein. Kyrkjerådet vil peike på at samansettinga følgjer den malen som blei sett i sak KM 12/22 *Ordning for felles menighetsråd for flere sokn*. Her går det fram at kvart sokn skal ha to representantar frå kvart sokn i kyrkjeleg fellesråd, men viss det er fem eller fleire sokn i kommunen, skal det vere ein representant. Kyrkjerådet ser ikkje tilstrekkeleg grunn til å gå vekk frå denne regelen i dette tilfellet. Derimot finn Kyrkjerådet det rimeleg at ordet «kyrkjeleg» kan leggjast til i omtalen av råda, og tar forslaget til følge.

Presteforeininga spør om reglane bør regulere når utvala seinast skal opprettast og kven som skal sitje der. Kyrkjerådet meiner det kan vera opp til fellesrådet sjølv å avgjera det. Problemstillinga er heller ikkje aktuell av di utvala alt er valde og venter på regelverket for at dei kan ta til med arbeidet.

Fellessrådet og sokneråda peikar òg på at orda «budsjettforslag til kommunen» bør strykast, sidan budsjettforslaget må vera levert inn til kommunen lenge før 1.

desember. Kyrkjerådet er samd i denne påpeikinga, og endrar reglane slik at dei kyrkjelege fellesrådsutvala vedtek kvar si innstilling til budsjettforslag til høvesvis Haram og nye Ålesund kommune. Deretter vedtek kyrkjeleg fellesråd budsjettforslaga og sender dei til kommunen.

Kyrkjerådet har også gjort nokre små språklege endringar i forslaget som var på høyring.

### **Økonomiske/administrative konsekvensar**

Saka har ingen økonomiske eller administrative konsekvensar for Kyrkjerådet, men ho vil ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar for dei lokale kyrkjelege instansane. Desse konsekvensane har i hovudsak si årsak i vedtaket om å dele Ålesund kommune i og med at fellesrådsstrukturen i utgangspunktet fell saman med kommuneinndelinga.